


## Storesteinen

Av Inger Åarfot

Med storesteinen godt i fang  
i all den lause snøen  
reiv Digerfonna brått seg laus  
og buldra nedover bøen.  
Der la ho trygt i frå seg  
si store, tunge bør  
som nettopp denne garden  
mangla i frå før.  
Då fonna omsider tina  
kom «steingalne» luskande ein dag  
så snart vart stilla broten  
av lyd frå hogg og slag.  
Dei fann seg godt til rette  
i steinen fanst litt av kvart  
som kunne steinhungeren mette  
og fylle sekken i ei fart.



Frå Eggedal

For bonden vart denne steinen  
ei plage og eit mas  
for i finaste enga låg han  
og var så lite til stas.  
Men så ein gråkald morgen  
måtte han til pers  
med nøgda sprengstoff i magen  
fauk han i bitar til vers.  
Bodstikka gjekk gjennom bygda  
for å samle sin stengalne gjeng  
og merkeleg snart kunne bonden  
gå frydefull rundt på si eng.

Frå Krystallposten



Rypebær  
Begge foto:STEIN/ghw